


# BOKN BYGDABBLAD



Nr 9 - November 2001 - Årg. 16

## KVEDNA BEKKEN



Oppvekst - s. 3

Lammemeny - s. 12

For sal - s. 17



Bokn  
kommune

Kusymre  
kommuneblom i Bokn






# O H A R RDFØRAREN RDET

Hei!

## Kystsoneplan

Livet på og rundt sjøen har vore og vil bli viktig for utviklinga på Bokn. Rogaland Fylkeskommune har utarbeida forslag til kystsoneplan for Rogaland, som vil bli retningsgivande for kommunen. Dette inneber at kommunen mister mykje av sin råderett over eigne areal og ressurser i kystsona, og Bokn kommunestyre får ikkje gjera dei tiltak som dei meiner er best for Bokn og oss som bur her. Dette er ein utvikling som eg meiner er feil, og vil arbeide mot. Bokn kommunestyre er best skikka til å planlegge utviklinga på Bokn, kor folk kan få bygga hus, hytter og naust og etablere næring, ikkje fylket. Formannskapet har derfor starta arbeidet med ein kystsoneplan for Bokn. Her vil alle få mulighet til å påvirke innhaldet, og me vil forhåpentlegvis få ein plan som blir god for alle interessene (friluftsliv, fiske, havbruk osv) på Bokn.



## Likningskontoret

Som sikkert mange har sett så om-organiserar likningsetaten seg. Det er avgjort at Bokn mistar likningskontoret. Bokn kommune og likningsetaten er i dialog for å få ein løysing for Bokn. Me arbeider for ein løysing der me skal få hjelp og løyst dei fleste daglege spørsmåla på Bokn. Me vil



Gaute Kro - Foto: JH

og legge forholda til rette og arbeide for at Gaute kan vere på Bokn ved innlevering av sjølvmeldinga. Eg håpar me lykkast i dette arbeidet og vil komme tilbake til endeleg løysing.

## Budsjettet

Rådmannen har lagt fram sitt forslag til budsjett, og det er stramt med svært få nye tiltak og vidareføring av nåverande drift. Politikarane har fått ein gjennomgang og har starta si behandling som blir avslutta med kommunestremøte 12. desember.

Eg vil komme tilbake til budsjettet og behandlinga i neste blad.

Svein Ove

# Med fokus på oppvekst

Reidar Alvestad

## Initiativ frå tverrfagleg gruppe

Onsdag den 24. oktober var alle foreldre/pårørande til 7., 8., 9. og 10. klassingane ved Bokn skule inviterte til møte i gym.salen på skulen. Temaet var oppvekstvilkår og kva heimen kan gjera for å hindra at barn og unge får vanskar i oppveksten.

Det var den tverrfaglega gruppa for barn og unge i Bokn som hadde tatt initiativ til møtet.

## Politiet som innleiar

Rektor Ingjerd Thuestad ynskte velkommen, og var særskilt imponert over at alle elevane i dei aktuelle målgruppene hadde ein eller to foreldre eller pårørande til stades i salen. Det ga eit positivt inntrykk om at foreldra bryr seg.



Rundt 50 lyttande foreldre/pårørande hadde funne vegen til skulen for å delta på møtet om oppvekst.

## Harmoni og rammer

Etter velkomstorda gjekk Frans Gisle Hansen frå lensmannskontoret i Tysvær inn på ulike sider både ved ungdoms- og forelderollen. Han la vekt på kor viktig det er å ha god kontakt med barna, og interessera seg for det dei har å snakka om. Han sa at dette må starta tidleg. Det er i seinaste laget å prøva å få eit godt forhold til barn eller ungdommar når dei er komne inn i eit misbruk av rusmidlar. Foreldre må bry seg om kva ungane gjer på fritida, kven dei er saman med, og kva dei gjer. Andre stikkord er ros og positive tilbakemeldingar, slik at ungane får sjølvtillit. Å ha eit fortruleg og ope forhold til barna er gull verdt. Dei fleste barna vil gjerne ha faste rammer, og vita at til slutt så er det foreldra som har det avgjeraende ordet, t.d. når det gjeld leggetid, kor mykje ungane skal få sjå på TV og vera på data, og kva type program dei skal få sjå. På den måten kan dei vaksne vera tydelege, og ungane veit kva rammer dei har. Det gir også tryggleik i oppveksten.

## Foreldre kan samarbeida

Mange foreldre kan la seg lura av at barn seier at venner får lov til ting som dei sjølv gjerne har lyst til, t.d. å sjå seine TV program osv. Undersøkingar viser at dette

vanlegvis ikkje er tilfelle, og foreldre kunne samarbeida betre ved å bli samde om litt fleire felles haldningar til vanskelege spørsmål som går på kor grensene skal gå. Kor mange synes t.d. det er i orden å gi alkohol til barn under 18 år?

Frans Gisle Hansen meinte også at foreldre burde sjå på eige alkoholbruk. Det er ikkje likegyldig korleis det er. Det bør vera samsvar mellom det ein seier til unga og det me sjølv praktiserar.

## Kva skjer vidare?

Etter innlegget var det kaffipause. Barneværnleiar Eva Moi oppsummerte og inviterte til spørsmål og innlegg frå salen. Fleire kom med spørsmål og idear omkring emnet. Den tverrfaglege gruppa vil arbeida vidare med dette med tanke på at foreldre kan koma saman i grupper og ta opp tema

vedrørande felles haldningar og liknande når det gjeld barn og unge. Det vil vera viktig at dette blir fylgd opp.



Frans Gisle Hansen frå lensmannskontoret i Tysvær hadde eit engasjerande innlegg om oppvekst.



Ved dette bordet sat Eva Moi og Ingjerd Thuestad frå tverrfagleg gruppe for barn og unge. Elles f.v. Åse Bratthammer, Jorid Vea. T.h. Frans Gisle Hansen.



# Barnevernet informerer - del 3

Reidar Alvestad



## Sosialseksjonen kjem her med den siste informasjonsartikkelen om barneverntenesta

Bakgrunnen for denne serien har vore å gi eit bilet av kva tenester barnevernet kan tilby, og korleis det blir arbeidd. Med dette målet for auga håpar me at folk gjennom denne informasjonen betre kan forstå måten me arbeider på, og kvifor det må vera ei barnevernteneste. Me håpar også at me gjennom ein slik opplysningsserie har fått vist at kven som helst kan ta kontakt med barnevernet dersom det er ting omkring barn og oppvekst ein har spørsmål om, eventuelt dersom ein treng hjelp.

I serien har me orientert om kor barnevernet har kontor og kven som arbeider der. Me har skrive om det interkommunale barnevernsamarbeidet som Bokn er med på, og om arbeidet i barnevernet. Vidare har me vore innom dei fleste oppgåvene i barnevernet, og har skrive om den tverrfaglege gruppa for barn og unge i Bokn. Me har vore innom korleis ein kan gi meldingar til barnevernet, om barnevernundersøkingar, om det å vera anonym ved meldingssaker, og om når barnevernet skal gripa inn. Til slutt har me vore innom temaet "til barnets beste" og om ulike typar hjelpetiltak. Det som nå står att er temaet

### Klagerett

Alle vedtak som blir fatta av barneverntenesta i kommunen kan pålagast til Fylkesmannen. Dette gjeld først og fremst vedtak om hjelpetiltak. Etter Forvaltningslova er klagefristen på barneverntenesta sine vedtak 3 veker. Berre den av foreldra som har den daglege omsorga for barnet har klagerett i forhold til vedtak som er fatta av den kommunale barneverntenesta. Foreldrepart som har del i foreldreansvaret, men som ikkje bur saman med barnet, har som hovudregel

ikkje klagerett i forhold til førebyggjande hjelpetiltak.

Vedtak som blir fatta av fylkesnemnda (t.d. omsorgs-overtaking), kan bringast inn for herads- eller byretten til rettsleg overprøving. Fristen for å bringa saka inn for retten er to månader.

Dei som er partar i saka, har klagerett og søksmålsrett. Dette gjeld først og fremst foreldra til barnet når dei har del i foredreansvaret. Barnet sjølv er også part i saka når det er over 15 år og forstår kva saka gjeld. Også når barnet er under 15 år, kan han eller ho i særlege tilfelle bli gitt partsrettar av fylkesnemnda. Dersom saka gjeld tiltak for barn med adferdsvanskjer, reknast barnet



som part uansett alder.

Sjølv om barnet ikkje er part i saka, skal det informerast og takast med på råd når barnet si utvikling, modning og saka sin art tilseier det. Når barnet har fylt tolv år, skal det alltid få seia meininga si før det blir gjort vedtak om plassering i fosterheim, institusjon eller seinare flytting. Barn som ikkje har eigne partsrettar kan få oppnemnt eigen talsperson i samband med behandling i fylkesnemnd.

Ein advokat kan representera dei som er partar i saka. Det offentlege dekker advokatutgiftene for sakene som blir behandla i fylkesnemnda og ved eventuell seinare behandling ved domstolane.

## PIPEBRANN!


I løpet av 1 år er det nærmere 2000 pipebranner i Norge, og dessverre forekommer det at personer omkommer i denne type branner.

Årsak til pipebrann er ofte at det er blitt fyrt med rå ved, ovnen fylles og trekken skrus igjen. Resultatet er tjæredamp som danner brennbart belegg i pipa. Når temperaturen blir høy nok kan det oppstå pipebrann. Pipebrann kan forebygges ved "riktig fyring".

- Bruk tørr ved og god trekk
- Bruk aldri brannfarlig væske til opp-

### tenning

- Unngå rundfyring
- Kontroller ovnen før fyringssesongen starter
- Se etter at det ikke har oppstått sprekker eller andre defekter i eller ved ildsteddet.



Brannsjefen



Forvaltningsstyret hadde møte den 13.12.01 og følgende saker ble behandlet:

- Olav Larsen og Kari Cristensen fikk tillatelse til å omdisponere ca. 1da. fra jordbruksformål til ridebane.
- Eierne av gårdbruket gnr.23 bnr. 4,5 og 7, Jorunn Helle og Laila Nøstvold, fikk fritak for boplikt for ytterligere en periode fram til 31.12.02
- Torleif Jøsang hadde tidligere fått tillatelse til å ha utplassert en campingvogn på ubestemt tid i nærheten av gårdstunet på vilkår av at "treteltet" som var bygget til vogna ble fjernet. Vilkåret om fjerning av treteltet ble påklaget, men forvaltningsstyret opprettholdt kravet. Klagen vil bli avgjort av fylkesmannen.
- Eieren av gnr. 18 bnr.25 i Loden, Kjell Einar Ellingsen, fikk pålegg om å fjerne steinmasser som var utfylt i sjøen uten at det forelå tillatelse. Massene var deponert i forbindelse med utsprenging av en hyttetomt.
- Eieren av gnr. 11 bnr.264, Dan Viggo Aarsand, hadde søkt om dispensasjon fra kommuneplanen for oppføring av brygge i tilknytning til nausttomt i Sponavika.
- I tilknytning til salg av gårdsbruket gnr.12 bnr.3,5 på Håland ble det gitt tillatelse til fradeling av ca.17da på østsida av E39. Arealet skal overdras til Bokn kommune.

Forvaltningsstyret vil generelt gjøre oppmerksom på at grunneiere som planlegger tiltak i sjø eller innenfor 100m beltet fra sjølinja kontakter kommunen for få avklart søknadsprosedyrer før tiltaket settes i gang.


## Trykkeriet beklager

I forrige utgåve av bladet blei ein del bilder i mørkaste laget.

Dette skyldast ei omlegging av utstyr på trykkeriet, som beklager at bildene blei mørkare enn vanleg.

- redaktøren -

## Siste sjanse for å Boknaspenna til jul!



Dersom du ynskjer å skaffa deg spenna til jul, er absolutt siste sjanse til å bestilla denne 4. desember.

"Smykkebommå" på Bryne har også 5 forgylte og 6 oksyderte nåler samt bronse ( både nåler og smykke ) på lager.

Alle fire utgåvene, rødbronse, forgylt, oksydert og kvitt sølv kan ein kjøpa som nål eller smykke. Prisen på nålene er kr. 900,- for bronsen og kr. 1.100,- for sølv.

Vil du ha med kjede kostar desse kr. 150,- i bronse og kr. 300,- i sølv. Slik at som smykke vil det kosta kr. 1.150,- for bronse og kr. 1.400,- for sølv. Festene for sølvkjedene kan vera skjulte eller synlege. Bronsefestene kan berre vera skjulte. Du kan bestilla ulike lengder på kjedene.

Kom innom Servicetorget, eller ring 52 75 25 00. Der kan du både sjå og ta på dei/henga dei på deg om du vil.

Dei må berre sjåast!!

## Gåvekort på bygdeboka

Du kan kjøpa gåvekort på bygdebøkene, både bind 1 og 2 i Servicetorget, enkeltvis eller samla. Pris pr. bok er kr. 400,-

Bind to blir dessverre ikkje ferdig til jul, men no er det ikkje mykje att.

# Arskroen med løylene på plass

Reidar Alvestad

## Skjenkeløyve og serveringsløyve

Dei som nå skal starta serveringsbedrifter med skjenkeløyve, må heretter ha både serveringsløyve og skjenkeløyve. Det nye her er at utanom å ta den såkalla kunnskapsprøva om alkohollovgjevinga, må også den såkalla etablerarprøva vera bestått. Leif Hansen overtok drifta av Arskroen Cafe– og selskapslokaler frå 1. august i år, og kommunestyret vedtok at han skulle få serveringsløyve for heile bedrifta og skjenkeløyve for selskapslokala under forutsetnad av at dei nødvendige prøvene i etablering og alkoholkunnskap var bestått innan den 1.november i år.



Her står frå v. Lars-Jacob Hausken, Leif Hansen og Nina Hansen ved baren på Arskroen med dei respektive vitnemåla på at dei både kan servera mat og alkoholhaldig drikk i selskapslokala.

## Alkoholkunnskapsprøva først

Leif Hansen er styrar for skjenkeløyvet med Lars-Jacob Hausken som stedfortredar. Dei besto begge alkoholkunnskapsprøva. Dette er ei prøve kor det er

21 spørsmål om bestemmelsane i alkohollova. I kvart spørsmål er det 3 alternativ kor berre det eine er rett. For å bestå prøva må minst 16 spørsmål vera rette. Begge kandidatane besto prøva.

## Ny etablerarprøve

Etablerarprøva er av nyare dato, men må gjennomførrast for nye serveringsstader. Denne prøva er også lagt opp som ei slags "førarprøve" med 50 spørsmål. Kvart spørsmål har 3 svar-alternativ, og minst 40 må vera rette for å bestå prøva.

Føremålet med etablerarprøva er å sikra at dei som gjennomfører prøva har grunnleggande kunnskap om relevante lover, føreskrifter og økonomistyring for å driva ei serveringsbedrift.

I dette tilfellet var det Leif Hansen som styrar av bedrifta, og Nina Hansen som stedfortredar som måtte ta prøva.

Og innan den 31. oktober var prøva bestått av begge. Dermed skule dei formella krava for å driva Arskroen vera i hamn.

## Kafe og selskapslokale

Leif Hansen opplyser til Bygdabladet at kafeen ved venterommet i 1.etasje går som forventa. Utover haussten går det erfaringmessig noko nedover med omsetninga. Generelt sett går imidlertid trafikken på samlangd Arsvågen – Mortavika opp, og mange går innom kafeen for å kjøpa litt.

Når det gjeld selskapslokala i 2.etasje, har dei denne tilgjengeleg både for private arrangement og pubkveldar og andre arrangement som er ope for alle. Dei har imidlertid merka seg at det er få "godt vaksne" som vågar seg ut på lørdagskveldane. Om dette skuldast at dei trur pub-kveldane berre er for dei yngre, veit dei ikkje. Men kveldane er for alle aldersgrupper over 18 år.

## Årsmøte 12.11 i Bokn båtforening

### Årsmelding

Småbåthavn: Kommunen har bestemt og satt av midler til småbåthavn i Hålandsjøen.

- Årsfest i Januar, ca 35 stk.
- Laget og trykket lokal?kulturkalender? for båtfolk, i bygdabladet.
- Ta sjansen i Vågholmen, ca. 150 stk.
- Vi solgte vimpler og t-skjorter på marknadsdagen i Alvestadkroken -
- Satte i stand opptrekk i Foresvik og Alvestadkroken - Båtførerkurs, 11 deltakere.
- Utført ca. 50 dugnadstimer.
- Er i dag 69 medlemmer.

### Valg av styre

-Terje Alvestad (formann), Espen Alvestad (kasserer), Arild Ognøy (sekretær), Nils Bjørn Nilsen og Geir Kallevik

(styremedlemmer). Egil Ognøy og Hans Rune Øvrebø (varamedlemmer).

### Forslag til aktiviteter for 2002

- Jobbe videre med småbåthavn, flytebrygger, lodd, etc.
- Årlig tradisjon?Ta sjansen? i Vågholmen
- Årsfest i Januar.
- Forslag som kom under møtet:  
Arrangere ?robåtens dag? og delta aktivt på kapproinga.
- Undersøke mulighetene for midlertidig utlegging av flytebrygger i Knarholmen.

**Bokn Båtforening går et spennende år i møte med gode muligheter til å få realisert drømmen om småbåthavn i Hålandsjøen i samarbeid med kommunen.**



# LÅTT OG LØYE

med Vegar Våge



Hvorfor soler svenskene seg med lukket munn?  
Fordi at de er reddet for å få  
brune tenner.

HA HA HA

-Kalte du meg idiot?

-Ja, det gjorde jeg.

-Var det spøk eller alvor?

-Det var alvor.


Det var bra, for jeg tåler ikke at folk spøker sånt

Kona fikk et nydelig minkskjerf av mannen sin til jul, og ungen sa:

-Du må ikke ta imot det kostbare Skjerfet, mor, tenk som dyret har Lidd for det!

-Hysj, sa moren, dere må ikke snakke slik om faren deres!

HE HE HE



-Hva i huleste er det du driver med?!  
Hvorfor har du stukket hånden i min lomme?

-Jeg leter etter sigaretter.

-Men hvorfor kunne du ikke heller spørre meg om å få en?

-Jeg ville helst ikke virke påtrengende.

De to astronautene svevde i sin kapsel i rommet. Den ene tok seg ut for å fotografere. Etter en stund vender han tilbake og banker på døren for å bli sluppet inn. En engstelig røst høres innenfra kapselen:  
-Hvem er det?


-Frank, la meg nå slippe å høre noe ufordelaktig om deg når du reiser til Paris.  
-Jeg skal forsøke, men du vet hvor fort sånt ryktes.



-Er jeg virkelig den første mannen i ditt liv?  
-Ja, så godt som, og i alle fall den rikeste!



-Jeg malte et portrett av din far. Det lignet ham på en prikk, men han ville ikke betale.  
ja, det ligner ham.



Moren leser i avisens om en elg som har angrepet en lærer.  
-Men mamma, hvordan kunne elgen vite at det var en lærer?

HO HO HO



# VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET

## LESETIPS FOR VAKSNE:

- \* Aas, Einar K.:  
Vett og uvett – stubber fra Troms og Norland
- \* Heggland, Johannes:  
Tusen vårar. 1
- \* Henriksen, Vera:  
Klangen av en lutt
- \* Hovland, Ragnar:  
Ei vinterreise
- \* Nilsen, Tove:  
Kvinner om natten
- \* Nygårdshaug, Gert:  
Liljer fra Jerusalem



## VIDEO

PÅ BIBLIOTEKET KAN  
DU  
LÅNA BARNE-OG FAMILIEFILMAR  
GRATIS!

## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : 10.00 – 13.30

ONSDAG : 16.00 – 19.00

TORSDAG : 10.00 – 13.30

TLF. 52 75 25 45

E-POST: [lognoey@bokn.kommune.no](mailto:lognoey@bokn.kommune.no)

Søk i katalogen:

[www.bokn.folkebibl.no](http://www.bokn.folkebibl.no)

## BARN OG UNGDOM:

- \* Belsvik, Rune:  
Verdas mest forelska par

- \* Bull-Hansen, Bjørn Andreas:  
Der gudene dør

- \* Dahl, Roald:  
Rim & røre



- \* Hansen, Atle:  
Heksa

- \* Scheen, Kjersti:  
Engel uten vinger



**VELKOMMEN TIL Å BRUKA  
INTERNETT PÅ BIBLIOTEKET  
HER KAN DU FÅ INFORMA-  
SJON FRÅ HEILE VERDA**

## LÅNETID

VIDEO : 1 VEKE

TIDSSKRIFTER : 2 veker

BØKER : 4 veker

# SERIE

# NYTT I BOKN!

Bokn Bygdablad presenterer nye ting som skjer i bygda, aktivitetar som har blitt til i løpet av det siste året, eller snart vil koma. Tips oss!

Reidar Alvestad

## Rekneskapsansvarleg

### Allsidig erfaring

Den 22. oktober i år fekk me ny medarbeidar på økonomiavdelinga etter Svein Erik Larsen som slutta på ettersommaren. 30-årige Leni Mannes som bur på Torvastad, kom då til Bokn kommune frå den landsomfattande kjeden Ark Bokhandel kor ho hadde hatt



Leni Mannes har begynt å få taket på mykje av jobben, men ser mange utfordringar framover.

arbeid i 3 år innafor rekneskapsområdet. Før det hadde ho arbeidd 1 år i Merkantil Regnskap i Haugesund. Ho har ennå tidlegare arbeidd med rekneskap i Vestavind

som er eit bygdeblad i Sveio.

Før ho tok til med høgare utdanning hadde ho m.a. hatt arbeid som lærarvikar.

### Høgskolen Stord/Haugesund

Leni Mannes kjem opprinnelag frå Halsnøy som ligg i Kvinnherad kommune i Sunnhordland. Ho er gift og har to barn, og har ektemann frå Karmøy. Ho er utdanna høgskulekandidat med revisoreksamen frå høgskolen Stord/Haugesund.

### Pendling

Leni Mannes har ein kjøretur på 50 km kvar veg til og frå jobb. Til saman brukar ho 90 minuttar tur/retur. Tidlegare då ho jobba i Haugesund, kom ho inn i rushtrafikken i byen, og brukte 30 minuttar kvar veg på ein strekning som normalt tar 10 minuttar å kjøra. Ho synes difor ikkje det er så stor forskjell på kjøretida, men det er dyrare å kjøra så langt kvar arbeidsdag.

### Spennande med ny jobb

Leni seier det er nok av utfordringar i jobben ho har fått, og det er område her som ho ikkje har vore innom før, t.d. skatt. I det heile er det mange ulike nye element i denne jobben som vil gi meir varierte arbeidsoppgåver enn det ho hadde tidlegare, og det synes ho er spennande og utfordrande.

Det er mykje nytt å setja seg inn i, og det er ein annan måte å jobba på enn i det private næringslivet der ho var før.

Informasjon fra

### Bokn Dansekubb (tidl. Bokn Swingklubb)

#### Styret består av:

Formann: Helge Solberg

Kasserer: Rannveig Foss

Sekretær: Ann Elisabeth Strand

Styremedlem/ass. formann: Marianne L. Alvestad

Vi ønsker å arrangere kurser, sosialt samvær m/dans (etter kurs i helgene), men da er vi avhengige av dere, **vi** steller i stand, **dere** stiller opp!

Det er vårt ønske å starte opp med kurser utpå nyåret (det er for lite tid til Jul), vil da starte med Swing, (møt opp menn) så et nytt med Linedance (gjerne flere menn der og). Er det interesse for Gammeldans, Disko eller noe annet, ta kontakt med styret så skal vi se hva vi kan få til.

Vi vurderer å sette opp en medlemsliste så vi kan sende ut informasjon direkte til de interesserte.

Følg med og still opp på kurs, det er mer gøy å være mange.

Ønsker dere alle en god jul og et godt nytt år.

**Vi treffes på kurs i januar.**

*Hilsen fra oss i styret i  
Bokn Dansekubb.*



# KULTURKALENDEREN

- nye arrangement/forandringar er uteheva -

## NOVEMBER

30.: Blå Kors/ABR-senteret har møte kl. 19.30 på Bokn Bedehus

## DESEMBER

01.: Prosjekt Hanne Krogh, gymsalen/kjøkkenet kl.

11.00 - 15.00

02.: Julemesse på Arskroen med middagsservering

02.: Julegranstinning/fakkeltog, start i gymsalen kl.  
16.30 Arr. Røde Kors, Musikkorpset og Speidarane.  
**Sjå eigen annonse i bladet.**

02.: Lysmesse i Bokn Kyrkje kl. 19.00  
arr. 1.Bokn KFUM/Bokn 1.KFUK

03.: Jul i Stallen, arr - BORK

04.: Juleavslutning for speidarane og Ulv/Meis  
arr. 1. Bokn KFUM/Bokn 1. KFUK

## 05.: Årsmøte i BIL

05.: Normisjonen har møte kl. 19.30 på Bokn Bedehus

07.: Madagaskarkveld kl. 19.00 på Bokn Bedehus

08.: Nissemarsj kl. 16.00 på skulen for dei minste - arr.  
BIL og kulturkontoret

09.: Luciafest kl. 18.30 på Bokn skule – arr. Bokn  
Musikkorps. **Sjå eigen annonse i bladet.**

11.: Juleverkstad, allrommet kl.19.30.

Arr. Bokn Hagelag

12.: Kommunestyremøte

13.: Julekonsert i kyrkja med Hanne Krogh - sjå siste s.

16.: Gudsteneste kl. 11.00

16.: Juletrefest – Sundagsskulen kl 15.00 – Bokn Bedehus

24.: Gudsteneste kl. 14.00

26.: Gudsteneste kl. 11.00

27.: Juletrefest – Bedehuset

28.: Romjulsfest på Arskroen - billetsal fra 10. desember

29.: Juletrefest – Frelsesarmeens

31.: Gudsteneste kl. 16.00

31.: Nyttårsfest på Arskroen

## JANUAR 2002

06.: 13. dags-fest i gymsalen kl. 16.00 - arr. Bokn sanitetsforening

**Ny kulturkalender er under planlegging,  
og medhjelparane er i full gong med å  
laga arrangementslister for neste år.**

**Går alt som det skal vil kulturkalenderen  
bli fyldig og interessant i desember-  
nummeret.**

## MINNEORD

Elisa Ognøy er død nær 95 år gammal. Ho var fødd og oppvaksen på Vatnaland.



Foreldra var Serine og Andreas Vatnaland. Elisa var yngst av fem sysken.

Før ho gifta seg, var ho hushjelp i Stavanger. Ho gjekk og i sylære i Kopervik.

I 1931 gifte Elisa seg med Peder Ognøy, dei busette seg i Alvestadkroken.

Peder dreiv fiske, Elisa var husmor og hadde ansvar for heimen. Ho var aktivt med i Kyrkjeforening og husmorlag. Ho var også flink med handarbeid. Elisa var heimekjær og sosial, og hadde stor omsorg for familie og andre som stod henne nær.

I 1959 døydde den eldste sonen i drukning, det var eit hardt slag for henne.

Ho etterlet seg barn, barnebarn og oldebarn.

*Familien*



# Årsmøte i BORK



og Erik holder fortsatt tømmene !

Bokn Ride- og Kjørekubb (BORK) holdt årsmøte 5. nov.

## Ungdomssatsing og mer oppbakking!

Det ble bestemt at klubben skal ha et ungdomsutvalg som planlegger og gjennomfører egne aktiviteter. Styret vil avsette en egen budsjettpost til disposisjon for ungdomsutvalget. Styret vil også undersøke nærmere hvordan en kan finansiere innkjøp av sikkerhetsvester til bruk på ridekurs.

BORK er den største idrettsforeningen i Bokn, og årsmøtet ønsker at styret tar opp med Bokn kommune hvordan kommunen kan bidra mer aktivt, siden klubben ikke har eget idrettsanlegg, stønad til instruktør el.lign.

Veterinær Tore Hausken fra Karmøy holdt et interessant foredrag om hestens anatomi, særlig om hestebenia og hva som skjer ved overbelastning på sener og ledd.

## Julegrøt i Kro-stallen

BORK har julelotteri for tiden, og det er lagt ut lodd bøker i butikkene. Trekningen skjer mandag 3. des, for da er den tradisjonelle julegrøten i stallen hos Kari og Olav i Kro på Austre Bokn. Små og store "Bork'ere" ønskes velkommen til julestemning i stallen, både de som er medlemmer - og de som kanskje vil bli det ?

Knegg fra styret i BORK  
v/Kari Christensen (sekr.)

## REFERAT FRA ÅRSMØTET 2001

**Det ble avholdt årsmøte 5.11.01 på allrommet, Boknatur. 15 medlemmer møtte frem.**

## DAGSORDEN

### 1. Valg av dirigent og godkjenning av innkalling

Kari Christensen ble valgt til dirigent. Innkallingen ble godkjent.

### 2. Årsmelding

Årsmeldingen ble lest opp og godkjent.

### 3. Regnskap

Kasserer Andreas Nemeth presenterte regnskapet. Det viste 45 856 i utgifter og 49 617 i inntekt. Overskudd kr. 3 778. Det er kr. 42 838 i bankinnskudd.

Styret fikk fullmakt til å godkjenne regnskapet når revisor har revidert det.

### 4. Innkomne forslag

Det var ingen innkomne forslag.

### 5. Kontingent

Det var ingen forslag til kontingentøkning.

### 6. Budsjett 2002.

Kassereren la frem budsjettforslag for 2002, jfr. vedlegg. Det er avsatt kr. 5000 til vedlikehold av hestehenger. Hengeren er ikke innkjøpt. Styret venter på enelig svar på søknad om støtte fra Bokn kommune. Budsjettposten beholdes.

## 7. Valg

Leder i Valgnemnda Jorunn Schmeichler la frem følgende forslag:

Leder for 1 år	Erik Eikje (gjenvalg)
Styremedlem for 2 år	Bjarne Odland (gjenvalg)
Styremedlem for 2 år	Andreas Nemeth (gjenvalg)
Varamedlem	Eli Hagen
Varamedlem	Jan S. Sollid

Ett varamedlem velges for 1 år og det andre for 2 år.

Revisor (for 2 år)	Ann Jeanette Sunde Olaussen
Valgnemndsmedl.(2 år)	Laila Nemeth

Samtlige foreslalte kandidater ble valgt ved akklamasjon. Styret fikk fullmakt til å kontakte de to vara medlemmene og avtale hvem som skal stå 2 år i vervet.

## 8. Eventuelt

### BORK'S FORHOLD TIL BOKN KOMMUNE

Årsmøtet tok opp følgende forhold:

Andre idrettslag i kommunen regner alle i en familie som medlemmer, mens Bork bare regner de som betaler medlemskontingent. Dersom vi regner alle i medlemmets familie, vil vi antagelig være den største idrettsklubben i kommunen.

Kommunen yter en del bidrag til idretts- og fritidsaktiviteter, f.eks. ved å lønne trenere, bygge anlegg og stå for vedlikehold av anlegget. I Bork betaler vi alt selv. Hvordan kan vi markedsføre oss slik at vi også kan få del i dette ?

Styret tar denne saken opp med kommunen, både når det gjelder tilskudd i forhold til antall medlemmer samt ekstra tilskudd fordi vi ikke disponerer anlegg.

## UNGDOMSUTVALG

Det ble diskutert hvordan ungdommen kan trekkes mer med i organisering av klubben. Det ble bestemt at styret får fullmakt til å opprette en ungdomsgruppe. Styret gir gruppa et mandat samt en budsjettpost som kan disponeres til aktiviteter.

## BRUK AV SIKKERHETSVEST

Saken ble drøftet. Årsmøtet bestemte at styret tar kontakt med kommunen med tanke på investering i sikkerhetsvester i forskjellige størrelser til bruk på ridekurs i klubbens regi. Det er også aktuelt å ta kontakt med sponsorer, f.eks. Gjensidige som har hesteforsikring.



\*\*\*\*\*  
Etter at årsmøtesakene var ferdige holdt veterinær Tore J. Hausken et interessant foredrag om hestebenia og skader - hva som skjer når hesten blir feil belastet eller overbelastet.

To representanter fra firmaet Vikse i Haugesund hadde med forslag til klubbjakker. Øyvind Skogøy i styret får oversikt over modeller, kvalitet, priser og farger, og såken tas opp igjen på neste styremøte.

Årsmøtet ble avsluttet kl. 21.45.

Kari Christensen  
sekr.

# SKULEN INFORMERER



## NY MEDARBEIDAR PÅ SKULEKONTORET

Me har hatt gleda av å ønske Norunn Jordbrekk velkommen som ny medarbeidar på skulekontoret. Ho starta i stillinga 15. oktober og byrjar etterkvart å bli kjent med dei mange arbeidsoppgåvene som ventar på å bli tatt tak i.

For foreldra er kanskje det viktigaste at det no vil bli lettare å nå fram til skulen på telefon, i alle fall i arbeidstida til Norunn.

Kvar skuledag, i tidsrommet 0815 – 1230, vil Norunn ha telefonvakt på skulen, og etter beste evne hjelpe foreldra når dei ringer.

**Skulen sitt kontor kl. 0815-1230 tlf 52 75 25 69**

## REFLEKSVESTAR TIL SMÅSKULEN

### SYKKELHJELMAR TIL 5.KLASSE

Bokn sanitetsforening er gode hjelparar i arbeidet med å sikre elevane våre i trafikken. Alle elevane på småskulesteget fekk refleksvestar i god tid før haustmørket kom. Vestane vart gitt i samband med Norske kvinners Sanitetsforening sitt "Barne- og ungdomsår".

5.klasse fekk i september flotte sykkelhjelmar i gilde fargar, og er flinke til å bruke dei.

Takk til Bokn sanitetsforening!

## KLASSEKONTAKTAR SKULEÅRET

### 2001/2002

1.klasse:	Nils Bjørn Nilssen	1 år
	Hege Jøsang	2 år
2.klasse:	Tormod Våga	1 år
	Anita Bokneberg	2 år
3.klasse:	Gry K. Øvrebø	1 år
	Per Helge Sunde	2 år
4.klasse:	Dagny Kjellesvik	1 år
	Bernhard Våge	2 år
5.klasse:	Ove Alvestad	1 år
	(mangler)	2 år
6.klasse:	Arvid Sæbø	1 år
	(mangler)	2 år
7.klasse:	Rune Vatnaland	1 år
	Marieke Jansen	2 år
8.klasse:	Arvid Sæbø	1 år
	Ellen Nedrebø	2 år
9.klasse:	Ranveig Nygaard	1 år
	Reidar Alvestad	2 år
10.klasse:	Margunn Are	1 år
	Ottar Borgenvik	1 år

## UTVIDA FRI SKULESKYSS

Driftsstyret har, etter ein søknad frå Havnavegen Vel, vurdert å utvide ordninga med fri skuleskyss for elevane i småskulen, som eit trafikksikringstiltak.

Driftsstyret hadde denne saka opp i møte 26.09.01 og gjorde følgjande vedtak:

"Driftsstyret finn ikkje å kunne utvide ordninga med fri skyss ut over det som alt er vedteke.

Søknaden frå Havnavegen Vel blir avslått.

Driftsstyret vil ta saka opp att når Trafikksikkerhetsplanen er ferdig rundt årsskiftet 2001/02."

## LAM PÅ MENYEN

Fredag 26. oktober fekk ungdomsskulen ei matopp-læring som ikkje er kvardagskost på skulen.

Bokn saueavslag gav oss eit heilt lam som 9. klasse saman med Gunnar Bokneberg og Johannes Nilsen laga mange gode matrettar av.

Først parterte dei heile lammet, og deretter brukte me dei ulike delane av kjøttet til gode rettar. Dei laga får i kål, irish stew, lam i karri, lammeburgarar, fylt lamme-sadel, fylt og naturell lammesteik, og indrefilet med sopp i fløytesaus. Alt blei servert med poteter, ris og ulike pynt.

Heile ungdomssteget blei deretter invitert til middag i 5. time, og det såg ut til å smake godt.

Det er bare 9. klasse som har heimkunnskap på timeplanen i ungdomsskulen, og dei samarbeida godt med dei to superkokkane Gunnar og Johannes, som og let vel over innsatsen til klassen.



Foto: Arne Hosaas

Ein takk til Saueavslaget for eit flott tiltak.

Med helsing frå Bokn skule

## MINNEORD

**M**ålfrid Kro Trosnavåg er død, for underteikna den største eldsjela i Bokn. Ho slokna 2. november. Då hadde flammen brunne i nesten 85 år. Ein intens og sterkt flamme heilt til siste pust. Underteikna vår så heldig å bli godt kjend med kulturpersonen dei siste 15 åra av livet hennar.

**B**arneskoa sine trådte ho i Kro. Foreldra var Marta og Sivert Kro, og Målfrid var nest eldst i ein barneflokk på 11. Tre guitar voks ikkje opp.

**M**ålfrid jobba ein periode på ein aldersheim i Stavanger, og tok Husmorskulen på Finnøy. I mai 1941 gifta ho seg med Arthur Trosnavåg.

**H**o hadde interesse for alt muleg, og leste mykje gjennom livet sitt. Handarbeid var noko ho alltid sysla med, og Målfrid var av dei få i Bokn som kunne laga nuppereller.

**O**fte blei ho med rette kalla "mor Bokn" eller "eit levande lokalhistorisk leksikon". Små spørsmål fekk som oftast lange avhandlingar til svar, som igjen resulterte i interessante samtalar om livet i Bokn før og no. Med gnisstrandane augo, entusiasme og sterkt samfunnsengasjement var Målfrid ein inspirasjonsfigur i ulike typar kulturarbeid. 28. september i fjor var ein stor dag for henne, då ho opna Tusenårsplassen i kommunen ved Kvednabekken.

**B**okn ungdomslag, Det Norske Misjonsselskap, Bokn sanitetsforening og Bokn vevstove er blant dei lag og foreninga som fekk nyta godt av den tidlegare kommunestyre-

representanten. Det fekk også Bokn folkebibliotek, som ho var ansvarleg for i ei årrekke. Bokn bygdemuseum var også eit hjartebarn for henne, og ho har vore svært delaktig i å bygga opp museumssamlinga til fylkets største i høve til folketalet. Målfrid var ei ivrig nynorskdame, og var spesielt glad i diktaren Per Sivle. I 1995 fekk ho kommunen sin kulturpris.



Dette bildet frå opninga av Tusenårsplassen i fjor er eitt av mange bilder eg har tatt av Målfrid i samband med ei kulturell hending. I ein alder av 83 år hadde ho då laga jutasekk, sekkahandkle og noko å henga dei på, til bruk inne i kvernhuset.

Og som bildet viser: full av glød og entusiasme! Det er slik me vil hugsa henne.

**P**å vevstova fekk ho føra kulturarven vidare til yngre generasjonar, noko som var viktig for Målfrid. Dette gjorde ho også kvelden før ho døydde i sin eigen heim, med støvlane på, og med bustaden full av gardssøger til andre bindet av "Bokn gard og ætt – bind 2". Ho har sidan starten i 1985 vore med i bygdeboknemnda i kommunen. Heldigvis var arbeidet med boka på korrekturstadiet, og den enorme lokalkunnskapen hennar er blitt ein del av det nedskrivne materialet. Eg er glad for at ho fekk oppleva å halda det første bindet i hendene sine under bygdebokoverrekkinga 5. juni år.

**D**et var heilt naturleg for Målfrid å vera slik som ho var, og dersom eg prøvde å skryta av henne, fekk eg med ein gong høyra at det var mange som visste mykje meir enn henne.....

**H**o etterlet seg to barn, ni barnebarn og åtte oldebarn.

**M**ålfrid kom ikkje på bygdebokmøtet same dagen som ho døydde, men ho har laga djupe kulturspor i bygdesamfunnet. Takk!

Jardar Havikbotn

# **Velkommen til Luciafest på skulen sundag 9. des. kl. 18.30**



**Luciaopptrinn av 4. og 5. kl.  
Musikalsk og verbal jule-  
underhaldning  
God tid til mat og drøs**

**Kom og sjå dei nye  
uniformane til vaksen-  
korpset m/Bokna-  
spenna på plass**

**Entré kr. 50/25**

## **Julegranstening 2.12**

### **Kl. 16.30 i gymsalen**

- godteposer til barna
- matsal
- loddsal
- god tid til mat og drøs

### **Kl. 18.00 på Boknatun**

- tenning av julegrana
- Bokn musikkorps spelar
- Tina B. Høyland m/fl. leiar songen

### **Kl. 18.30 Fakkeltog til kyrkja**

### **Kl. 19.00 Lysmesse**

**Arr. Bokn Røde Kors, Musikkorpset og 1.Bokn  
KFUM/Bokn 1.KFUK**

## **Til frivillige lag i Bokn**

Rogaland Ungdomslag inviterar frivillige lag og foreningar i Bokn kommune til å søkja på midlar som blei ståande att etter at Bokn Ungdomslag blei lagt ned.

Lag som driv aktivitetar for ungdom i eit rusfritt miljø kan søkja på midlane, som til saman utgjer 27.000 kr.

Søknad sendas Rogaland Ungdomslag innan utgangen av 2001 ved leiar Anne Marie Nerby.

Adresse; Spinnargaten 5, 4306 Sandnes eller  
E-post; a-mnerby@online.no.


Har de spørsmål, så ta kontakt på telefon;

51 62 60 80 (kveld) eller  
51 57 48 63 (dagtid).

# COOP BOKN

- Døgningvarer
- Bensin–Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk

coop  
marked




BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk dumperbiler.
- Me formidler båring og skyting.
- Levering av røyr og kummer.



A. OLUFSEN  
SKIPSSERVICE A.S

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-  
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-  
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP

Hjertelig takk for all oppmerksomhet og  
deltagelse ved vår mor, Elisa Ognøys bortgang.

Spesiell takk til alle ansatte på Bokn  
sjukkestove.

familien

Takk til alle som var med oss i gravferda til mor  
vår, Målfrid Kro Trosnavåg.

Takk også for gode helsingar og blomar.

familien

Hjertelig takk for all oppmerksomhet og  
deltagelse ved Jakob Åres bortgang.

Takk for gode helsingar og blomster.

familien

**Du er alltid velkommen  
med gratis takke-  
annonse i Bygdabladet.**

**BOKN FYSIOTERAPI**  
Tysdag og onsdag  
og helgene i partalveker.

Direktenr. 52 75 25 33

Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik  
fysioterapeut

**FOTTERAPI**  
kvar onsdag på legekontoret  
kl. 09.00 – 14.00

Første mandagen i kvar mnd.  
kl. 15.30 - 18.30

For påmelding, tlf. 52 74 84 79  
Rita Jensen - fotterapeut

**SONETERAPI/NATURMEDISIN**  
ope etter avtale  
på fysioterapirommet.

Timebestilling:  
52 74 86 11

Jorid Vea  
heilpraktikar

**LIKNINGSKONTORET**  
Kontordagar i Bokn  
tysdag og torsdag  
kl. 08.00 – 15.00

Tlf. 815 32 666  
( skatteetaten )

Måndag, onsdag og  
fredag kontordagar ved  
Tysvær liknings- og  
folkeregister i Aksdal  
kl. 08.00 – 15.00

Gaute Kro  
likningssjef i Bokn

**TRYGDEKONTORET**  
Kontortid kl. 9.00 – 14.30  
Telefontid kl. 8.00 – 15.30  
  
Tlf. 52 75 21 50  
Fax. 52 75 21 51  
Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150  
Ingunn Sunde: linjenr. 152  
  
Ingunn Sunde  
trygdesjef

**LANDBRUKSKONTORET**  
Kvar torsdag kontordag i  
Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13  
Avtale etter kl. 12.00 må  
gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i  
Tysvær andre vekedagar,  
tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset  
jordbruksjef



# HÅRSMIÅ

Austre Bokn - mot Våga



Kom innom eller ring  
for timebestilling

52748647 - 99037203

Fører Goldwell og Hair  
Collection produkter

Mona Våga




**BOKN KOMMUNE**  
5561 BOKN

## Små leiligheter til leige

Bokn kommune har følgjande små leiligheter  
til leige:

- 1 ungdomsbustad med 2 soverom
- 1 mindre hybelleilighet

Søknad sender du Bokn kommune snarast.




Juletresal i Alvestadkroken i veke 51 - arr. Bokn Røde Kors

### Sal av Edelgran - Gran - Furu

Det blir lagt ut lister for førehandstinging på butikkane  
i Krojen og Føresvik.

Gratis utkjøring som før.



**LABB OG LINE**  
SPAREKLUBB

### LABB OG LINE-DAG

Torsdag 6. desember vil vi få besøk av Labb og Line.

Ta med familien og stikk innom i banken mellom kl. 15.30 og 17.00.

Det vil bli mulighet for tømming av sparebørser samt utdeling til de som ikke har.

Det blir også premier til barna, noe å bite i samt andre overraskelser.

**SpareBank 1 SR-Bank**  
**BOKN**

Er du interessert i  
bredbånd?

Hastigheter opp til 2 Mbit  
Kan snart tilbys på Bokn.  
Det avhenger av deg!

Flere og flere melder sin  
interesse.

Kontakt Øyvind på tlf.

52 70 56 70 - 98 60 62 70

eller send en mail til

ob@2d.no

**2D**  
DigiDok DA



Ved oppringing etter kl. 15.00 må ein alltid nytta direkte nummer.

52 75 25 00	Sentralbord		postmottak@bokn.kommune.no
52 75 25 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard	jnygaard@bokn.kommune.no
98 22 15 01			
52 75 25 02	Økonomisjef/personalansvarleg	Solrunn Alvestad	soa@bokn.kommune.no
98 22 15 02			
52 75 25 03	Ordførar	Svein Ove Alvestad	svein@bokn.kommune.no
91 35 40 82	Tysdag – ring på førehand		
52 75 25 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad	ralvestad@bokn.kommune.no
98 22 15 04			
52 75 25 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye	hfaye@bokn.kommune.no
98 22 15 05			
52 75 25 07	Økonomiavdelinga, rekneskap og løn	Svein Erik Larsen	sveinerikL@bokn.kommune.no
52 75 25 09	Økonomiavdelinga, skatt og fakturering	Lindy Haram	lharam@bokn.kommune.no
99 53 19 35			
52 75 25 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn	jhavikbotn@bokn.kommune.no
98 22 15 08			
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen	gsorensen@bokn.kommune.no
52 75 25 12	Barne- og ungdomsarbeidar Tysdag 08.00 - 13.00 i partalsveker	Ann Kristin Grønnestad	agroennestad@bokn.kommune.no
52 75 25 15	Telefaks Boknatun		
52 75 25 16	Pleie- og omsorgssjef	Anny Kallekodt	
52 75 25 30	Bokn sjukestove		
52 74 85 22	Legevaktsentralen		
52 75 25 34	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad	ggroennestad@bokn.kommune.no
98 22 15 03			
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar Tysdag/onsdag 08.00 – 15.00	Miriam Berland	
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag	
52 75 25 43	Open helsestasjon <u>torsd.</u> 08.30 - 12.30 Tysdag etter avtale	Rita Førland	
52 75 25 45	Bokn Folkebibliotek	Linda Ognøy	lognoey@bokn.kommune.no
52 75 25 47	Kyrkjeverge	Svanhild Alvestad	svalves@frisurf.no
93 41 54 40	Tysdag/torsdag 08.30 – 15.30		
52 75 25 50	Seksjonssjef skule	Dag Halvorsen	dhalvorsen@bokn.kommune.no
52 75 25 51	Rektor	Ingjerd Thuestad	ithuestad@bokn.kommune.no
98 22 15 11			
52 75 25 13	Barnevernleiar	Eva Moi	emoi@bokn.kommune.no
98 22 15 09	Tysdag, og etter avtale		
52 75 25 65 (66)	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard	rnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 67	Telefaks skulen		
52 75 25 70	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth	jhaakonseth@bokn.kommune.no
98 22 15 12			
52 75 25 80	Tannlegekontor	Anita Knutsen	

## BIL TIL SALGS

### AUDI 100 AVANT 2,6-AUTOMAT

S/v-dekk på alm.felg.  
Hengerfeste.sentr.lås og alarm.  
Kurvelys.Rds radio/Cd-skifter for 10 CD.

Henvendelse Hans Faye Tlf. 52 74 84 55

## Varsel om reguleringsendring

I henhold til Plan- og bygningslovens § 27 –1.1 kunn gjøres herved varsel om oppstart av privat reguleringsarbeid på del av gnr 19 bnr 5 Jøsen, Bokn kommune.

Området er tidligere regulert til Byggeområde (4 hytter), Landbruksområde og Friområde.

To av hyttene er bygget.


Den nye planen skal reguleres til Byggeområde for totalt 6 hytter og et felles båthus, Spesialområde friluftsområde med plass for vinterlagring båt, båtplass og bading, Landbruksområde og Fellesområde (parkeringsplass, veg).

Planens begrensning forandres ikke.

Merknader og eventuelle spørsmål bes rettet til:

Olav Bergjord ing og arkitektkontor as  
Frakkagjerd  
5563 Førresfjorden

Tlf.: 52 77 38 22  
Fax: 52 77 76 66



**olav bergjord**  
ING. OG ARKITEKTAKTOR AS

## BOKN BYGDABLAAD

### UTGJEVAR

Bokn kommune  
5561 BOKN  
Tlf 52 75 25 00  
Fax 52 75 25 15  
E-post : [jhavikbotn@bokn.kommune.no](mailto:jhavikbotn@bokn.kommune.no)  
Bankgirokonto 3373 07 00305  
Postgirokonto 0806 56 84501

### BYGDABLAADNEMND

Svein Ivar Langhelle  
Eva Moi  
May Jorunn Vatnaland

### REDAKTØR

Jardar Havikbotn  
Direkte tlf. 52 75 25 08

### REDAKSJON

Jardar Havikbotn  
Reidar Alvestad  
Linda Ognøy

### ABONNEMENT

Kr. 200,- pr. år

### ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 500,-
Halvside	kr. 300,-
Kvartside	kr. 150,-
1/8 side	kr. 100,-
Privatann.	kr. 30,-
Fastann.	etter avtale

### FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

### BLADET KJEM UT

10 gonger i året

### STORT FORSIDEBILDE

Utstillinga til 1. - 4. kl. om Tema Kvednabekken

på Boknatun, 2. etasje.

Foto: Jardar Havikbotn

## TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 135,- pr. m<sup>3</sup> fritt utkjørt innmark.

Kr. 145,- pr. m<sup>3</sup> fritt utkjørt utmark.

Kontakt Jakob Ullenes,  
4150 Rennesøy

51 72 32 87                  946 70 873

# A-Blad

RETURADRESSE:  
BOKN KOMMUNE  
5561 BOKN

## Nytt beredskapsutstyr til ambulansen

Gunn Grønnestad

Ambulansen i Bokn har fått ei ny spesialbåre i gave. Båra skal brukast ved hovud-, nakke- eller rygg-skader – såkalla backboard. Den gjer det mulig å transportera denne typen skadde personar frå skadested til sjukehus på ein sikker måte utan å risikere å forverre skaden ytterlegare, i og med at pasienten vert immobilisert. Det inneber at pasienten blir spent fast med fleire belter, slik at ein ikkje risikerer å bevege tilskadekomne nakke eller ryggvirvar.

Denne båra er laga i polyethyleneplast, og veg berre 7,3 kg. Den har ei glatt overflate som gjer det lett med forskjellige teknikkar å få den skadde over på ein grei måte. Pasienten kan bli liggande på båra til røntgen eller scanning er utført, slik at ein har korrekte opplysningar før forflytting.

Båra får akkurat plass under transportbåra i bilen, og blir eit positivt supplement og i tilfelle med fleire skadde.

Vi sender ein varm takk til gjevaren, som er ein dameklubb i Bokn. Dei har i lengre tid putta nokre kroner på ei bøssa – og etter at eit par av damene hadde deltatt på førstehjelpskurs, vart gjengen enige om å kjøpe ei slik båre til kommunen.

- eit prisverdig tiltak som syner omsorg og medansvar!



Tor Harald Alvestad (tv), Lars-Jacob Hausken og John Øvrebø med Henriette Øvrebø på båra.

Foto: Reidar Alvestad



## Julekonsert i rute

Jardar Havikbotn

Kyrkja blir klargjort til storinnrykk 15. desember. På bildet ser du kyrkjeverge Svanhild Alvestad og elektrikar Kjell Blikshavn finna ei god elektrisk løysing for denne og framtidige storkonsertar og andre opptrinn.

Bokn Bygg er i gong med å legga forholda til rette slik at songarane får stå trygt og godt.

Barnekoret, 35 stk. inkl. tidlegare medlemmer som er med på dette prosjektet, øver og øver på arbeidsoppgåvene sine. Og iflg. Oddrun Nilssen er alt under kontroll.

Billettsalet går raskt unna, og pr. 27. november er det 12 stk. att av 270 billettar. Billettane er nummererte, men det blir ikkje reserverte plasser i kyrkja. Nr. er berre for internkontroll.

Til deg som har bestilt, men enno ikkje henta billettane: detta må du gjera **innan 5. desember** ellers blir dei selde til andre.

Det vil koma eit infoskriv om konserten i posten i veke 50.